

**Kokeboka til Hjemmekokklauget, der uskedelingen Elin Enes er ein av dei 6, er klar for sal denne veka - i Jerniabutikker over heile landet - og hos Elins Matgleder. i Uskedalen frå måndag i neste veke.**

**Meisterkokk Eyvind Hellstrøm hadde ideen om boka som gjev mange nyttige og konkrete tips - frå baking til grilling, singelmat, drikke og riktig bruk av utstyr.**

**For å gjera bakinga lystbetont, kjem Elin med sine beste oppskriftar og tips om korleis ein kan få til ein vellukka bakst heime. Som dei andre har ho hatt 30 sider til disposisjon.**

Hjemmekokklauget jobbar på frivillig og uavhengig basis og legg stadig ut gode tips og råd på heimesider og bloggar, deltek på arrangement og medietreff og held matkurs for barn og ungdom.

Dette er dei andre 5 i lauget:

\* **Arve Serigstad**, vinnar av NM i pizzabaking i 2010, gir smarte tips på kjøkkenet, har teke bileta og vore ein nøkkelperson under produksjonen av boka.

\* **Hege Vevle**, laugets singelmat-ekspert, vant prisen for Årets hjemmekokk 2013

\* **Cecilie Schandy Kvernvik** fokuserar på fest- og sjømat og korleis ein enkelt kan lage mat til festlege lag.

\* **Petter Gullikstad** er grillsjefen i lauget og han har sist sommar vore å sjå på TV-skjermen i fleire samanhengar. Er oppteken av at ein kan grilla året rundt

\* **Pål Ingebrigtsen** er spesialist på godt drikke og gir tips om smakskombinasjonar, val av drikke til ymse rettar og alkoholfrie alternativ.

Ettersom det ikkje er nokon Jerniabutikk i kommunen, har Elin fått løyve til sal frå Elins Matgleder og salet startar måndag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen